



INSTRUKS FOR GODKJEND RØYRLEGGJAR

1. Godkjend røyrleggjar har plikt til:

- Å orientere eigar ved nyanlegg eller utviding av eksisterande anlegg om kommunen sine abonnementsvilkår, avgifter, erklæringar og skjema som gjeld eigaren.
- Å sende inn melding, teikningar og skjema til rett tid og rett utfylt med underskrift og eventuelt stempel.
- Å rekvirere synfaring medan arbeidet pågår når dette er nødvendig.
- Å sende ferdigmelding til kommunen før eit bygg blir teke i bruk utan omsyn til eventuelle arbeid som står att og som ikkje er vesentlege for bruken av bygget.
- Å vere til stades ved synfaring når kommunen krev det.
- Å syte for at eitt sett godkjende teikningar finns på arbeidsplassen til kvar tid.
- Å varsle alle som får problem ved stenging av offentleg eller privat vassleidning i samband med arbeid røyrleggjaren utfører.
- Å klarleggje, når det er tvil, om tilstopping/lekkasje er på privat eller offentleg leidning før staking/graving blir sett i verk.
- Å sjå til at det utførte røyrleggjararbeidet er utført etter gjeldande føresegner, og på ein fagleg god måte.
- Når eit røyrleggjararbeid er utført skal ansvarshavande røyrleggjar levere inn til kommunen teikningar som viser leidningsnettet slik leidningane er lagde. Utvendig nett skal visast frå tilknytingspunkt på hovudleidningane til bygget, og målsetjast både i horisontal- og vertikalplanet.

2. Godkjend røyrleggjar må ikkje ved si underskrift melde eller på annan måte hjelpe person som ikkje er godkjend med å få utføre arbeid som berre godkjend røyrleggjar skal utføre.